

Definisjon av valkampbidrag

Valkampbidrag er alle bidrag gitt til politiske parti og partiledd frå privatpersonar, kommersielle føretak, arbeidslivsorganisasjonar og andre organisasjonar, foreiningar og/eller andre ikkje-offentleg eige aktørar (givarar). Om ein gjev bidraget regelmessig etter avtale - til dømes «partiskatt» frå egne medlem, månadsbidrag mv. - har ikkje nokon betydning etter lova. Det same gjeld også for motivet til å gje bidrag.

Definisjonen av rapporteringspliktige bidrag i løpet av ein valkamp går fram av Partiloven §§ 18 fjerde ledd, 19 andre ledd bokstav i til m og tredje og fjerde ledd, sjå Partiloven kapittel 4 - https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-102#KAPITTEL_4 . Korleis ein skal rapportere er regulert i forskrifta, § 2-2. Vidare er ei [tolking frå Partilovnemnda](#) 20.12.2016 lagt til grunn.

Rapporteringsplikt

Det er plikt til å rapportere bidraget/bidraga når:

- Det/dei er mottekne mellom 01.01. og siste fredag før valdagen i eit valår
- Eit eller fleire bidrag frå ein og same bidragsytar overstig 10 000 kroner til saman
- Det/dei er gitt i pengar, varer, tenester, utlån, rabattar eller på anna måte
- Det/dei er gitt som lån på ikkje-kommersielle vilkår. Det inneber:
 - lån utan klårt avtalt tilbakebetaling
 - lån der oppgjør (tilbakebetaling) er avtalt, men der renta er lågare enn vanleg marknadsrenta. Dette gjeld utan omsyn til om lånet elles er sikra med pant eller på annan måte (bankgaranti mv). Det gjeld og utan omsyn til om långjevar er bank, annan finansieringsinstitusjon eller annan aktør
 - for lån gitt utan sikring kan renta lågare enn renta på forbrukarlån, gjere at lånet må rapporterast som valkampbidrag

Merk at det er heile lånet som må rapporterast, ikkje berre fordelan av låg renta eller fråvær av renta.